



Integrerings- og mangfoldsdirektoratet

Meland kommune
v/ rådmann og ordfører

Postboks 79
5906 FREKHAUG

Kommune nr: 1256

Besøksadresse:
Sandbrogaten
5/7

Internett:
www.imdi.no

E-post:
post@imdi.no

Sentralbord:
24 16 88 00

Telefaks:
24 16 88 01

Org.nr:
987 879 696

DERES REF VÅR REF
11-01268-17.RAA

DATO
21.5.2014

Bankkonto:
7694.05.12693

Oppmading om busetting av flyktningar i 2014 og 2015

Vi syner til tidlegare kontakt med kommunen om busetting av flyktningar. I dette brevet ber vi kommunen vurdere å busette fleire flyktningar i 2014 og 2015. Vi vender oss til kommunen på bakgrunn av samarbeidsavtalen mellom staten og KS.

IMDI Vest har tidlegare oppmoda Meland kommune om busetting av 25 flyktningar i 2014 og 20 flyktningar i 2015. I sitt vedtak har Meland kommune redusert talet til 10 flyktningar i pr år i perioden 2014 – 2016.

På bakgrunn av at det skal busettast 10 000 flyktningar både i 2014 og 2015, ber vi Meland kommune om å fatte eit nytt vedtak for 2014 og 2015 som er i tråd med IMDI si tidlegare oppmading:

- minst 25 nykomne flyktningar i 2014.
- minst 20 nykomne flyktningar i 2015.

Så framt det vert busett 10 000 flyktningar i 2014 og 2015, gir dette følgjande plantal for kommunen i 2016 og 2017:

- minst 20 nykomne flyktningar i 2016.
- minst 20 nykomne flyktningar i 2017.

Kommunane gjer ein stadig betre jobb med å busette flyktningar. Frå 2012 til i dag aukar kommunane sine vedtak frå under 6000 til 7600 plassar per år. Busettinga skjer også jamnare gjennom året og plassane vert utnytta raskare enn før. Fleire kommunar enn før over heile landet ser busetting av flyktningar i samanheng med sysselsetting og befolkningsutvikling.

Nasjonalt utval for busetting har sett som mål at kommunane skal tilby 10 000 busettingsplassar i 2014 og 2015. Dette målet er også lagt til grunn for

Postadresse:
Postboks 150
26-May-2014
Sandviken
5812 Bergen

samarbeidsavtalen mellom staten og KS om busetting av flyktninger, som vart fornya 22. april 2014. Staten og KS har ein samanhengande dialog om rammevilkår som gjer kommunane i stand til å busette fleire flyktningar. Tilskota som vert løyst ut ved busetting av flyktningar, er auka. I vedlegget til dette brevet er det gjort nærare greie for bakgrunnen for oppmodinga og kva tilskot som vert løyst ut ved busetting.

Vi vil understreke verknaden av presise vedtak for tal på flyktningar som skal busettast. Vi ber om at det ikkje vert fatta vedtak som inkluderer familiesameinte, eller som avgrensar moglegheitene til å gjennomføre busettingsarbeidet. Vedtak må fattast utan etterhald. IMDi forstår det slik at alle vedtak er bindande for begge partar. Skulle det av særskilte grunnar ikkje la seg gjere å realisere alle plassane, ber vi om at unytta plassar vert overført til neste års busetting. Dersom kommunen har vanskar med å finne bustader, kan det vere eit alternativ at flyktningar sjølv finn bustad, innanfor ramma av kommunen sitt vedtak.

For å legge til rette for jann og føreseieleg busetting i åra 2014-2015, ber vi om kommunen sitt svar på oppmodinga innan 1.september 2014. Ta kontakt med IMDi Kaare-Andreas Krog, kak@imdi.no tlf.90360502 i IMDi Vest dersom de ynskjer meir informasjon om oppmodinga eller busetting av flyktningar generelt. IMDi er også på tilbodssida når det gjeld å delta på møter med leiinga i kommunen, eventuelt saman med andre statlege etatar. IMDi vil blant anna samarbeide med Fylkesmannen om oppfølginga av dette brevet.

Vi ber om at vedtaket vert sendt skriftleg til IMDi Vest og på e-post til post@imdi.no med kopi til KS v/Nina Gran; nina.gran@ks.no. Oppmodinga er utarbeidd i samarbeid med KS. Vi syner til vedlagt brev frå KS.

Vi ser fram til eit framleis godt samarbeid med Meland kommune!

Med venleg helsing
for Integrerings- og mangfaltsdirektoratet

Randi Kleven
Randi Kleven
Regiondirektør

Ragnhild Aasvang
Ragnhild Aasvang
seniorrådgjevar

Kopi:
Fylkesmannen
KS